



LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

KOPI

Lindås kommune Eigedomsavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ



Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3337 - 16/29686

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2016

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon gbnr. 185/281 Isdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.10.16 .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigar av gbnr. 185/284 bør varslast om tiltaket.
2. Arbeidstilsynet må varslast om tiltaket, jf. arbeidsmiljøloven §18-9.
3. Det er litt uklart av innsendt situasjonsplan kva som er eksisterande og ny situasjon. Vi ber difor om at det sendast inn teikningar av både eksisterande og ny situasjon slik at dette går tydelegare fram. Alle relevante avstandar kjem ikkje tydeleg fram, herunder avstand til nabogrense, veg, leidningar, byggegrense. Det er mellom anna uklart om heile bygningen er plassert innanfor byggegrense i plan for område I4.
4. Det manglar snitteikningar av bygningen. Feil i oppgjevne høgder på møne og gesims. Det er ikkje oppgitt kotehøgder. Det må oppgjevast kotehøgde på overkant gulv.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.01.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert uhandsama.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune
Eigedomsavdelinga

Kvernhusmyrane 5914
20

ISDALSTØ

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS

Buhaugen 6 5911

ALVERSUND